

**Avtala om Det europeiske
økonomiske samarbeidsområdet**

EØS-komiteen

AVGJERD I EØS-KOMITEEN

**nr. 110/2000
av 22. desember 2000**

om endring av vedlegg XIII til EØS-avtala (Transport)

EØS-KOMITEEN HAR –

med tilvising til avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, justert ved protokollen om justering av avtala om Det europeiske økonomiske samarbeidsområdet, heretter kalla “avtala”, særleg artikkel 98, og

på følgjande bakgrunn:

- 1) Vedlegg XIII til avtala vart endra ved avgjerd i EØS-komiteen nr. 38/1999 av 30. mars 1999⁽¹⁾.
- 2) Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/18/EF av 17. april 2000 om minstekrav til eksamen for tryggleiksrådgjevarar for transport av farleg gods med jarnbane, på veg eller på innlandsvassvegar⁽²⁾ skal takast inn i avtala –

TEKE DENNE AVGJERDA:

Artikkel 1

I vedlegg XIII etter nr. 13a (rådsdirektiv 96/35/EF) i avtala skal nytt nr. 13b lyde:

“13b. **32000 L 0018**: Europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/18/EF av 17. april 2000 om minstekrav til eksamen for tryggleiksrådgjevarar for transport av farleg gods med jarnbane, på veg eller på innlandsvassvegar (TEF L 118 av 19.5.2000, s. 41).”

⁽¹⁾ TEF L 266 av 19.10.2000, s. 27, og EØS-tillegget til TEF nr. 46 av 19.10.2000, s. 161.

⁽²⁾ TEF L 118 av 19.5.2000, s. 41.

Artikkel 2

Teksta til europaparlaments- og rådsdirektiv 2000/18/EF på islandsk og norsk, som vil verte kunngjort i EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*, skal verte gyldig.

Artikkel 3

Denne avgjerda tek til å gjelde 23. desember 2000, på det vilkåret at EØS-komiteen har motteke alle meldingar etter artikkel 103 nr. 1 i avtala^(*).

Artikkel 4

Denne avgjerda skal kunngjerast i EØS-avdelinga av og EØS-tillegget til *Tidend for Dei europeiske fellesskapa*.

Utfërda i Brussel, 22. desember 2000.

For EØS-komiteen
Formann

G. S. Gunnarsson

Sekretærar for EØS-komiteen

P.K. Mannes

E. Gerner

^(*) Ingen forfatningsrettslege krav oppgjevne.